Sak 4a Forslag fra IOGT Region Midt-Norge

IOGTs 97. landsmøte i Bergen 20. august- 22. august 2021

Verving må stå i fokus framover

- satsingsområde i 2021-2023

IOGT Region Midt-Norge oppmodar alle regionane og sentralleddet i IOGT til å ha fokus på verving framover. På den måten kan vi i fellesskap byggje organisasjonen vår endå sterkare.

Skal IOGT bestå som ein god medlemsbasert organisasjon i åra som kjem, er det viktig at alle ledda i organisasjonen no framover har fokus på medlemsverving.

Sidan koronaepidemien kom og gjorde det vanskeleg å samle mange folk på ein stad, så har det heller ikkje vore like lett å stå på standar og drive medlemsverving slik ein har gjort tidlegare.

Kanskje må ein gjere slik som nokre andre organisasjonar gjer at det leddet som vervar medlemar, får ein pengesum for det arbeidet dei har gjort ved å rekruttere nye medlemar? Når regionane verver medlemer, er det slik pt at dei tek heile kostnaden med dette vervearbeidet. Statsstøtta som organisasjonen får pr medlem, er det sentralleddet som mottek. Vi synest difor det no er på tide at når regionane er med på å skaffe medlemar og inntekter til organisasjonen, så kan dei også få tilbake litt økonomisk støtte for det viktige arbeidet dei gjer.

Det er heile tida snakk om økonomi i laga, denne måten å verve på, ville stimulere laga til å ta fatt på oppgåva med å verve fleire medlemar.

Kan ein vitalisere medlemsvervinga på gode måtar, kan ein også rekke over fleire medlemsbaserte aktivitetar i heile landet. På den måten kan det verte ein vinn-vinn-situasjon for heile organisasjonen vår, etter kvart som vi får lov til å samle fleire folk igjen.

Difor fremjar IOGT Region Midt-Norge eit forslag til Landsmøtet i 2021 om at det i den neste toårs-perioden vert det fokus på medlemsverving i alle delar av organisasjonen, og at dei lokallaga eller regionane som vervar medlemer, får 100 kroner i støtte frå IOGT sentralt for kvar medlem som dei vervar. Dette må då også takast med i budsjettet for 2021.

Vidare er det også viktig at ein person sentralt i organisasjonen har ansvar for medlemsvervingar, og at vedkomane kan hjelpe regionane i dette serdeles viktige arbeidet.

Innstilling fra sentralstyret

Sentralstyret støtter forslaget